

Prekenverkstedet



Den Norske Israelsmisjon

<http://www.israelmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

3. søndag i treeiningstida - 10. juni 2018

Preiketekst: Joh 1,35-51

Lesetekst 1: Jes 50,4-5

Lesetekst 2: Rom 8,28-30

KOM OG SJÅ

«Vi elsker fordi han elska oss først». Dette var evangelisten Johannes si oppleving av livet som Jesu disippel, formulert i hans første brev (1 Joh 4,19).

Leseteksten frå Jes 50 er den første delen av ein av songane om Herrens tenar i siste del av Jesaia-boka. Teksten har overskrifta «Herrens tenar er tillitsfull». Éin måte å lesa desse songane på, er å sjå dei som profetiær om «han» som skulle koma (jfr Joh 1,45).

Leseteksten frå Rom 8 handlar om dei Gud har kalla, og om å bli forma etter bildet av Jesus. Dette kan me lesa som ein kommentar til teksten om kallinga av dei første disiplane.

Preiketeksten

Johannes sitt avsnitt om dei første disiplane er fascinerande. Dei mange korte spørsmåla og utsegnene lagd i Jesu munn, gir teksten eit særpreg: Kva leiter de etter? Kom og sjå. Følg meg! Du skal få sjå større ting enn det.

Teksten inneheld også mange viktige titlar på og omtalar av Jesus: Guds lam, rabbi, Messias, han som Moses og profetane har skrive om, Guds Son, Israels konge og Menneskesonen. Det er ein rik kristologi heilt frå starten hos evangelisten Johannes. Samtidig er Joh det evangeliet som tydelegast viser at disiplane først *etter oppstoda* fekk full forståing av kven Jesus var (2,22; 12,16; 13,7).

Teologisk refleksjon

Joh gir oss ei forteljing om dei første disiplane formulert ut frå teologisk refleksjon. Han kombinerer dette med ei historie som ikkje har kome med i dei synoptiske evangelia, om at dei første disiplane hadde vore disiplar av døyparen og at dei blei kalla i Jordandalen rett etter Jesu dåp. *"But John has placed on their lips at this moment a synopsis of the gradual increase of understanding that took place throughout the ministry of Jesus and after the resurrection. John has used the occasion of the call of the disciples to summarize discipleship in its whole development."* (Raymond E. Brown: The Gospel according to John I-XII. Side 78).

Teksten

kan delast i to avsnitt som begge begynner med «Dagen etter»; vers 35-42 handlar om kallet til dei to første disiplane og Simon Peter, vers 43-51 handlar om kallet til Filip og Natanael. Teksten blir knytt til det føregåande avsnittet ved at døyparen sin omtale av Jesus som Guds lam i vers 29, blir gjentatt.

Vers 35-42

Andreas og den andre disippelen, som ikkje blir namngitt, følger Jesus etter at døyparen har peika

på han som Guds lam. Dei er nysgjerrige og positivt interesserte. Jesus oppfattar dette og spør: «Kva leitar de etter?» Etter den første replikkvekslinga, der Jesus seier "Kom og sjå", blir dei med Jesus «heim» (dette er verken Nasaret eller Kapernaum, men i Jordandalen), og dei blir hos han den dagen. Det skulle bli fleire.

Verba er viktige i denne teksten. "Å følge" finn me i vers 37, 38, 40 og 43. Ordet blir brukt om å vera disippel, altså om meir enn å gå i same retning. "Å koma" og "å sjå" er begge viktige verb hos Joh, dei seier noko om kva det er å tru, sjå f eks 1,14; 6,37; 10,38; 12,45.

Andreas tar med seg broren Simon. Først fortel han broren at han har funne Messias. Det er bare her og i 4,25 at denne greske forma av det hebraiske ordet blir brukt i NT. Når Andreas tar med Simon til Jesus, får Simon nytt namn: det arameiske Kefas og greske Peter, som begge betyr fjell/klippe. Når nokon får nytt namn, er namnet gjerne knytt til personen si tyding i frelseshistoria, f eks 1 Mos 17,5 og 32,28.

Vers 43-51

Jesus kallar Filip, som han "finn". Bare Joh gir Filip ei sjølvstendig rolle blant dei 12 disiplane, sjå 6,5-7; 12,21-22 og 14,8-9. Her ved kallinga får Filip med seg Natanael ved å seia at Jesus er han som lova og profetane handlar om, jfr Luk 24,27. Natanael er villig til å koma og sjå, kanskje er det derfor han blir kalla "ein ekte israelitt", i motsetnad til dei Joh ofte kallar "jødane", som slett ikkje var opne for kven Jesus var. Jfr til dette Paulus i Rom 9,6.

Kven var Natanael? I 21,2 får me vita at han kom frå Kana. Det er vanleg å seia at han er den som elles blir kalla Bartolomeus (Matt 10,3 med par, der han dessutan er nemnt saman med Filip). Men dette er visstnok ikkje ei forklaring som kan følgast lenger tilbake enn til 800-talet. Ei anna forklaring, som kan førast tilbake til kyrkjefedrane, er at han ikkje var ein av dei tolv. Dette til tross for at han var med på fisketuren i 21,1 ff.

Fikentreet

"Eg såg deg då du var under fikentreet": Det viktige her er Jesu ord om at han såg Natanael før dei kom i kontakt med kvarandre. Jesus ser det andre ikkje ser. Og han kalla disiplane til vennskap og teneste, jfr 15,15-16. Natanael blei overvelda over å møta ein som kjende han frå før. Jfr 1 Joh 4,19.

Kva betyr dette med fikentreet? Ei enkel forklaring er at skuggen under fikentreet var ein stad for studium og undervising i Guds lov. Enkelte rabbiar samanlikna til og med fikentreet med Guds lov. Men det er likevel klokt å halda fast på, at ei slik tolking av møtet med Natanael ikkje kan dokumenterast. Og det kan fort bli spekulativt å leggja for mykje i det.

Jesus lover til slutt Natanael at han skal sjå større ting enn "det", altså at Jesus kunne sjå han under fikentreet. Jesus talar så om ein ope himmel og brukar ord som minner om Jakobs draum i 1 Mos 28,12. Men Jesu ord utvider perspektivet i forhold til denne draumen. For Jakob var dette nettopp ein draum, og han såg ikkje at himmelen opna seg. I samtalen med Natanael blir himmelstigen og den opne himmelen knytt til Menneskesonen. Og tiltalen skiftar frå eintal i v 50 til fleirtal i v 51. Teksten utvider seg på ein måte, og den kan forstås som eit løfte om kva Jesu disiplar skal sjå i framtida, jfr det Stefanus fekk sjå, Apg 7,55-56.

Preikedisposisjon over tre utsegner frå Jesu munn

1. Kom og sjå. Om kva det vil seia å følge Jesus og tru på han.
2. Eg såg deg (først). Om Guds kjærleik som alltid kjem først.
3. Du skal sjå større ting enn det. Om løfte, håp og evig liv. Og om den opne himmelen over Jesus og dei som følger han.

Arne Berge

Sokneprest i Hinna, Stavanger

ab497@kirken.no